



SAKSHANDSAMAR

Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.
15/01620-3

DYKKAR REF.
15/5463-1

ARK. P - Plansaker
301 Flora kom. - SF

INNVÅLSTELEFON

+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO
14.08.2015

VÅR DATO
08.09.2015

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Flora kommune - Kommuneplanens arealdel - kulturminnefaglege innspel til fylkeskommunen si fråsegn

Vi viser til e-post datert 14.08.2015 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune med oversending av høyring av kommuneplanens arealdel for Flora kommune.

Innspelet frå Riksantikvaren gjeld dei forvaltingsområda som direktoratet har ansvar for, her kyrkjestadene på Svanøy (id 55545) og Kinn med mellomalderkyrkje (id 84773) som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4.

Kyrkjestader frå mellomalderen

Kyrkjene var ofte plasserte på sentrale og framtreddande stader i landskapet og bevisst forma som landemerke. Kyrkja var ofte eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og var ofte plassert på stader med lang tradisjon for busetnad, og som religiøs og sosial samlingsstad. Mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar finst derfor vanlegvis i dei nærmaste omgjevnadene til desse kyrkjene. Kyrkja og einskildelementa i dei nærmaste omgjevnadane har ofte stor verdi kvar for seg som kulturminne, og samla som kulturmiljø. Dette legg føringar for kva som kan akseptast av utbygging eller endringar i området.

Svanøy (Bru) mellomalderkyrkjestad

Eldste omtale av kyrkja er ca. 1330, men Bru vert nemnd som visitasstad allereie i 1322-23. Kyrkja på Svanøy sto i tunet på Svanøy hovudgard, som opphavleg heitte Bru. Mellomalderkyrkja var truleg ei stavkyrkje, og denne vart mest sannsynleg erstatta av ei tømmerkyrkje med korsforma grunnplan i fyrste halvdel av 1600-talet. Denne var riven i 1872 og kyrkjestaden vart flytta noen kilometer mot nordaust inn på fastlandet, til Stavang.

Kinn mellomalderkyrkjestad

Eldste omtale av kyrkja er ca. 1330. Steinkyrkja er bygd omkring midten av 1100-tallet og har rektangulært skip og smalare, nær kvadratisk kor. Murverket er både ut- og innvendig for det meste i kleberkvader, men også i ein type sandstein frå øya Skorpa. Prestegarden låg tidlegare på Kinn, men vart i nyare tid flytta til nabøya Skorpa. Tvers over sundet aust for Kinn heiter det Korsneset. Sør på øya fins det ei rekkje gravrøyser og hustufter på øya.

Riksantikvarens merknader og vurderingar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står derfor sterkt i lovverket. Svanøy og Kinn kyrkjestad er mellomalderske kyrkjestader. Det er

derfor viktig å vurdere om tiltak i planen vil vere utilbørleg skjemmande for dei automatisk freda kulturminnet i området, jf. kulturminnelova § 3.

Svanøy og Kinn mellomalderkyrkjestader er automatisk freda kulturminne, og skal visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjestadane ligg i Askeladden som skildra over.

Til mellomalderkyrkjestadene høyrer avgrensing av ei sikringssone på 5 meter, jf. kml. § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvaltning av mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i kommuneplanen. I føresegnene for Svanøy og Kinn mellomalderkyrkjestad skal det stå:

"Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep."

"Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar."

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstillar vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kml. § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Kinn kyrkje er automatisk freda og bør i tillegg ha følgjande føresegner til omsynssone d):

"Kinn kyrkje er automatisk freda kyrkjer. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Kinn kyrkje skal handsamast av Riksantikvaren som fattar vedtak etter kulturminnelova."

Riksantikvaren rår til at koordinatane for Svanøy og Kinn kyrkjestad i kommuneplanens temakart for kulturminner vert kontrollerte slik at dei er i samsvar med koordinatane i Askeladden.

Riksantikvaren vurderer det slik at kyrkjestaden sine opphavlege omgjevnader i liten grad er forstyrta av utbygging frå nyare tid. Riksantikvaren vurderer det som viktig å ivareta den kulturhistoriske samanhengen som kyrkjestaden er ein del av og hindre at arealformål i nærleiken av kyrkjestaden medfører fare for utilbørleg skjemming av den mellomalderske kyrkjestaden.

Dersom kommunen gir melding om at føresegnene til kommuneplanen ikkje vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader, og Sogn og fjordane fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnestyresmakt og fremje motsegn til planen.

Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)
seniorrådgjevar